



Sjøvegen til Røldal

Ein pilegrimstur langs den gamle ruta,
inn fjordar, over vatn og over fjell, til
sjøs og til fots, frå Stavanger til Røldal

23. – 25. juli 2022

Sjøvegen til Røldal



Helgøy skyssebåt tar oss til Hylen

Inn fjordane, over fjella, over Suldalsvatnet og Røldalsvatnet og inn til den gamle stavkyrkja i Røldal. Dette var vegen som mange fór i gamal tid. Med ulike ærend og forventningar.

Nå gjenopnar me denne ruta og tar oss sjøvegen til Røldal, med båtar og til fots. Me startar i Stavanger laurdag morgon og endar i Røldal søndag kveld. Der ventar ei open stavkyrkje, med tende ljøs. Og ein god middag. Blir du med?



Suldalsvatnet



Dampen Gjestgiveri

Laurdag 23. juli 2022

- 7:30 Rutebåt frå hurtigbåtterminalen i Stavanger, til Judaberg
- 9:15 Turbåt frå Judaberg mot Hylen. Servering ombord
- 12:00 Me går i land i Hylen og går opp mot Hylsskardet
- 13:00 Under ein hidler får me ein matbit.
- 14:30 Me besøker Våge-garden ved Suldalsvatnet. Kultur, natur - og honning!
- 15:30 Båt fra den gamle dampskipsbrygga i Våge.
- 15:45 Me går i land på den nye brygga i Mokleiv. Historisk gard som i mellomalderen låg under kyrkja i Røldal. Kanelbolle, kultur og kaffi.
- 16:45 Avgang. Vidare med båt mot Nesflaten
- 17:05 Ankomst Nesflaten og innlosjering i enkeltrom på Dampen Gjestgiveri.
- 19:30 3-rettars middag. Lokale råvarer.



Botnen



Røldal

- 16:00 Me kjem ned til Botnen ved Røldalsvatnet. Eplejuice, kaker og historia om kvekarane i Botnen.
- 16:30 Me går ombord i små båtar som fører oss over Røldalsvatnet.
- 17:15 Me går i land ved garden Seim i Røldal og går derifrå opp til hyttene der me skal bu.
- 17:30 Me set bagasjen igjen og går ned til stavkyrkja.
- 18:00 Me går inn i stavkyrkja og sit stille ei lita stund før me får vite litt om kyrkja sin historie og pilegrimstradisjonane.
- 18:30 Middag på skysstasjonen.



Over fjellet til Røldalsvatnet

Søndag 24. juli

- 08:00 Frokost
- 09:00 Avgang for den dryge vandringa langs stølsvegen, ferdavegen, prestavegen og pilegrimsvegen opp i 1200 meters høgd over Suldalsskardet. Turen er berekna til 8-9 timar. Men på denne turen fuskar me litt og haikar nokre kilometer og høgdemeter opp til Skitli. Då blir turen berre omlag 6 timar. Undervegs et me ein god nistepakke som me får med oss frå Dampen Gjestgiveri.

Mandag 25. juli

- 08:00 Frokost i hyttene
- 10:00 Besøke litteraturhus og bygdemuseum?
- 12.35 Rutebuss frå Røldal til Sand
- 14.45 Rutebåt frå Sand mot Stavanger
- 16.35 Båten kjem til Stavanger.

Dette er å rekna som ein prøve-tur. Vil opplegget fungera? Blir det ein tur som kan bli ein tradisjon?

Me har inntil 10 plasser og kostnadene er berekna til å kunne bli omlag 4.500,- per person. Du må være i god form, ha gode fjellstøvlar og være budd på ulikt vær. Utstein Pilegrimsgard er arrangør. Eirik Moe er turleiar. Påmelding til eirik@mokleiv.no. Tlf 92813079
Deltakarane får faktura frå Pilegrimsgarden etter turen.